
Saknr: 2020/44331-1
Saksbehandlar: Sissel Lillebø Aarseth
Ronny Skaar

Saksgang

| Utval | Utv.saknr. | Møtedato |
|---------------|------------|----------|
| Fylkesutvalet | | |

Fylkeskommunale tilskot til idretts-, kunst og kulturlivet i Vestland - konsekvensar av koronautbrot

Forslag til vedtak:

1. Vestland fylkeskommune vil legge til rette for å dempe dei økonomiske og driftsmessige konsekvensane koronautbrotet og styresmaktene sine råd og pålegg har for kultur- og idrettsfeltet.
2. Vestland fylkeskommune opprettheld driftsmidlar løyvd gjennom budsjettvedtak for 2020 til kultur og idrettslivet sjølv om aktiviteten i organisasjonen vert endra og avgrensa som følgje av koronautbrotet og førebyggjande råd og pålegg frå styresmaktene.
3. Vilkår for rapportering vert oppretthaldt som i løyvingbrevet. Fylkesrådmannen kan gje dispensasjon frå vilkåret om rapportering for 2019 innan 01.05. der verksemda ikkje er i stand til å gjennomføre lovleg årsmøte innan fristen. Fylkeskommunen vil og akseptere forenkla årsmøte.
4. Vestland fylkeskommune vil ikkje krevje attende allereie løyvede midlar til tiltak, arrangement og prosjekt som er planlagt i perioden fram til 1. september, sjølv om arrangementet vert endra eller avlyst som følgje av styresmaktene sine råd og pålegg. Det vert sett krav om at alle utgifter er dokumentert i rekneskap og rapport som normalt, jf. vilkår i løyvingbrev.
5. Fylkeskommunen vil gi løyve til å utsette prosjekt, tiltak og arrangement som allereie har motteke tilsegn om tilskot. Tilskotsmottakar må gjere skriftleg greie for dei nye planane, og føremålet må vere i samsvar med opphaveleg søknad.
6. Fylkesrådmannen vil kome attende til hovudutval kultur, idrett og inkludering om omsøkte tilskotsmidlar til prosjekt og tiltak når ein har meir oversikt, både over nasjonale føringar og over søknadsmassen og behovet for midlar.
7. Vestland fylkeskommune betaler ut honorar til utøvarar som har kontrakt for oppdrag som vert avlyste i Den kulturelle skulesekken (DKS), men med atterhald om at programmet eventuelt kan gjennomførast på eit seinare tidspunkt.
8. Inngåtte avtalar med kommunar og kulturaktørar om UKM-festivalane vert honorert etter nærare dialog. Fylkeskommunen tek sikte på å dekke allereie utført arbeid og utgifter med bindande kontraktar med underleverandørar.

Samandrag

Koronasituasjonen i Noreg, der styresmaktene no legg store avgrensingar for kultur og idrettslivet i Vestland gjennom møteforbod, gjer at det er behov for avklaring av økonomiske konsekvensar for kultur og idrettslivet i fylket. Planlagt aktivitet som no er omfatta av avlysingar gir økonomiske forplikingar som må haldast sjølv om ein må avlyse eller endre arrangement. Fylkesrådmannen ser at dette gir store utfordringar for feltet, og vil rå til at Vestland fylkeskommune bidreg til å sikre at dei økonomiske verknadane vert så små som mogleg for kultur og idrettslivet gjennom å oppretthalde tilskot til drift og allereie løyvde midlar til prosjekt og tiltak. Slik vil ein sikre eit framleis robust kulturliv i fylket der heile verdikjeda er intakt.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd
fylkesdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Koronasituasjonen i Noreg der styresmaktene no legg dei største avgrensingane på samfunnslivet i fredstid gir store konsekvensar for kultur og idrettslivet i Vestland.

Helsedirektoratet tok 12.03.20 avgjerd om møteforbod og stenging av verksemdar med heimel i lov om vern mot smittsone sjukdomar § 4-1.

Det er vedteke forbod mot, og stenging av, m.a.:

- Kulturarrangement
- Idrettsarrangement og organisert idrettsaktivitet både innandørs og utandørs

Dette vedtaket gjeld til og med 26.03.20.

Vi ser no avlysing av planlagde kultur og idrettsarrangement utover våren.

Kultur og idrettslivet er mangfaldig og det er stor aktivitet i både det frivillige og frie kulturlivet samt i alle typar idrettsarrangement i sommarhalvåret. Mange av desse arrangementa og prosjekta vert truleg ikkje gjennomført som planlagt. Aktørane innan feltet viser stor uro over korleis ein skal avvikle og ikkje minst finansierte aktivitetane. Ein er i stor grad avhengig av publikumsinntekter for å dekke kostnadane. I musikkbransjen vert det no mobilisert og dei viser til at følgjene av styresmaktene sine pålegg og anbefalingar er katastrofale for ei heil næring.

I tillegg til publikumsinntekter har mange aktørar offentlege midlar, frå stat ved kulturrådet, kommune og fylkeskommune.

Vestland fylkeskommune er ein stor finansieringskjelde for kultur og idrettslivet i fylket.

Det er i hovudsak 3 ulike tilskotsordningar:

- Driftsmidlar
- Tilskot til prosjekt og tiltak
- Utviklingsmidlar gjennom kulturelt utviklingsprogram.

Dei regionale aktørane vender seg no til fylkeskommunen med spørsmål om kva som vil skje om gjennomføringa av arrangement og tiltak grunna koronasituasjonen ikkje vil skje heilt eller delvis i tråd med planar som låg til grunn for søknaden. Vil dette kunne påverke tilskotet frå Vestland fylkeskommune?

Kulturminister Abid Raja seier 12.03.20 at dette er ein uføresett og alvorleg situasjon som gjer at Kulturdepartementet ikkje vil krevje attende midlar som allereie er brukt.

Norsk kulturråd seier 11.03.20 at Kulturrådet ikkje kjem til å krevje attende midlar som er brukt til å planlegge arrangement som no vert avlyst som følgje av koronaviruset. Dette vil gjelde ut april eller fram til styresmaktene eventuelt kjem med nye tilrådingar.

Ung kultur møtest (UKM)

Ung kultur møtest (UKM) er ein årleg festival der ungdom mellom 13 og 20 bidreg med kulturinnslag eller arrangørproppgaver. Fylkeskommunen har ansvar for planlegging og gjennomføring av fylkesfestivalen med deltakarar som kommunane vel ut og sender vidare etter lokale mønstringar. I 2020 er det lagt opp til to festivalar, éin i Måløy og éin på Voss. Festivalhelga er 24.-26. april. Det er inngått avtale med hovudarrangørar om planlegging og gjennomføring av festivalane. Festivalen i Måløy har Kinn kommune lokalt ansvar for, medan AKKS, frivillig musikkorganisasjon, er ansvarleg for festivalen på Voss.

Fylkesdirektøren har avlyst dei to fylkesfestivalane i april, men det er så langt ikkje teke stilling til om dei skal arrangerast på eit seinare tidspunkt. I ein situasjon der det er uavklara kor lenge det vil vere fare for smittespreiing ved denne typen arrangement, rår fylkesrådmannen til at ein ikkje legg opp til å utsetje festivalane. Det er usikkert om festivalane faktisk lèt seg gjennomføre og i tilfelle kva tid dette kan bli, og den vidare planleggingsprosessen vert dermed uføreseieleg. Fylkesrådmannen legg til grunn at hovudarrangørane Kinn kommune og AKKS skal få dekt sine kostnader med planlegginga og at inngåtte avtalar med kulturaktørar skal kunne honorerast som avtalt.

UKM Norge har avlyst landsfestivalen i juni, og det er førebels ikkje bestemt om denne skal gjennomførast i ei eller anna form på eit seinare tidspunkt.

Den kulturelle skulesekken (DKS)

DKS-midlane er statlege spelemidlar som fylkeskommunane forvaltar. Alle DKS-turnear i regi av Vestland fylkeskommune er avlyste frå 13. mars til og med 3. april 2020.

Kulturtanken, statleg fagetat for kunst og kultur til barn og unge i skulen, har meldt at fylkeskommunane sjølve avgjer om dei vil betale ut honorar for ikkje gjennomførte program fram til utgangen av april.

Utøvarar som har kontrakt for oppdrag i Vestland i perioden fram til 3. april har fått melding om at dei vil få betalt for planlagde oppdrag i samsvar med kontrakten. Her er vi i Vestland på linje med dei andre fylkeskommunane.

Så langt har Vestland fylkeskommune ikkje sett krav om at vi kan kome til å krevje program gjennomført på eit seinare tidspunkt om mogleg. Vi ser no at det vil vere aktuelt å avlyse DKS-programma også i tida etter påske, truleg fram til sommarferien. Fylkesrådmannen rår til at vi betaler ut honorar til utøvarar som har kontrakt for oppdrag også i denne perioden, men med atterhald om at program kan gjennomførast på eit seinare tidspunkt om fylkeskommunen ynskjer det og utøvar har høve til det.

Vedtakskompetanse

Fylkesutvalet.

Vurderingar og verknader

Fylkesrådmannen føreset at alle aktørar i kultur og idrettslivet med arrangørar og utøvarar held seg til nasjonale og kommunale styresmakter sine råd og pålegg.

Vidare vurderer fylkesrådmannen at fylkeskommunen bør finne rimelege løysingar for dei utfordringane som kultur og idrettslivet i Vestland står ovanfor. Vestland fylkeskommune ser at dette er ein særskilt utfordrande situasjon for feltet og ønskjer å legge til rette for at ein på lang sikt beheld og styrkar kultur og idrettslivet i fylket og har eit mest mogleg variert og stabilt kulturliv.

Tilskot til drift

Fylkesrådmannen vil råde til at dei løyvde driftsmidlane til kultur og idrettsfeltet for 2020 vert oppretthalde sjølv om aktiviteten i organisasjonen vert endra og avgrensa i høve til omsøkte planar som følgje av dei avgrensingane koronasituasjonen legg på organisasjonane og aktiviteten. Dette for å sikre ein vidare drift av organisasjonen, aktiviteten eller tiltaket slik at aktiviteten vert tatt opp igjen seinare når dette er rådd til av styresmaktene.

Vilkår om rapportering vert oppretthaldt som skissert i løyvingsbrevet. Ein kan likevel gi dispensasjon frå vilkåret om rapportering for 2019 innan 01.05. der organisasjonane grunna møteforbod ikkje er i stand til å gjennomføre årsmøte innan gjeldande fristar.

Søknader om midlar til prosjekt og tiltak

Der fylkeskommunen allereie har løyvd midlar til gjennomføring av prosjekt og tiltak planlagt gjennomført i 2020 vil fylkesrådmannen råde til at Vestland fylkeskommune ikkje krev attende allereie løyvde midlar til tiltak, arrangement og prosjekt som er planlagt i perioden fram til september.

Alle utgifter som det er lagt til grunn for tilskot til vil verte dekkja, sjølv om tiltaket ikkje er gjennomført. Dette inkluderer budsjetterte utgifter til førebuing og sjølv gjennomføringa av tiltaket, til dømes utgifter til utøvarar og kunstnarar.

Det vert sett krav om at alle utgifter er dokumentert i rekneskap og rapport på same måte som normalt, jf. vilkår i tilskotsbrev.

Vilkåret er at avlysing kjem som følgje av råd og vedtak gitt frå kommune og stat knytt til handtering av koronasituasjonen.

Fylkeskommunen vil gi løyve til å utsette prosjekt, tiltak og arrangement som allereie har motteke tilsegn om tilskot. Dette etter informasjon frå søker om dette der ein skildrar dei nye planane.

Nye søknader om tilskot til prosjekt og tiltak.

Tilskot til prosjekt og tiltak, både til frivillig og profesjonell aktivitet hadde søknadsfrist 10.03.20. Disse søknadane vert administrativt handsama i desse dagar. Det er grunn til å tru at mange av prosjekta og tiltaka ein søkjer finansiering til vert enten avlyst, utsett eller endra.

Ein går no gjennom den samla søkjarmassen på ca. 350 søknader og vil kome attende til hovudutval kultur, idrett og inkludering om korleis ein samla vil vurdere søknadene når ein har meir oversikt, både over kulturlivet i Vestland sitt behov for prosjektmidlar i noverande situasjon, nasjonale føringar og over søknadsmassen.

Tilskot til friluftaktivitet hadde søknadsfrist 1. februar og forslag til tildeling er lagt fram for Hovudutval for kultur, idrett og integrering i møtet som skulle vore 17. mars. Tilskot til lågterskel fysisk aktivitet for barn og ungdom hadde søknadsfrist 15. februar og er på sakskartet til Hovudutval for kultur, idrett og inkludering for møtet 21. april. For desse to ordningane vil det vere aktuelt å ta ein runde tilbake til søkjar for å kartlegge gjennomføring av ulike tiltak, før forslag til fordeling vert lagt fram til utvalet i møtet i april.

I tillegg er det lyst ut andre tilskot der ein må gjera tilsvarende vurderingar.

Økonomi: Fylkeskommunale midlar til drift og prosjekt og tiltak vert oppretthaldt som vedteke i budsjett 2020. Det vert difor inga konsekvens for vedteke budsjett 2020. Dersom midlar vert betalt attende som følgje av ikkje gjennomførte arrangement og tiltak går dette inn i driftsbudsjett 2020 og fordelt ut til føremålet etter vedteke reglement.

Klima: Ikkje relevant

Folkehelse: Ikkje relevant

Regional planstrategi: Ikkje relevant

Konklusjon

Fylkesrådmannen ser kva konsekvensar det får for samfunnet når ein stengjer møteplassar og stoppar kultur og idrettsarrangement, der ein ser at det vert eit fattigare samfunn.

Fylkesrådmannen vil halde fram at det likevel er viktig at kultur og idrettslivet er med på denne dugnaden for å avgrense følgjene av koronaviruset.

For å sikre at kultur og idrettsverksemda og drift av organisasjonane vert haldt i gang og aktivitetane lett kan settast i gang igjen vil fylkesrådmannen rå til at ein opprettheld tilskot til drift og prosjekt og tiltak som skissert i saka. Dette for å sikre at dei økonomiske verknadane vert så små som mogleg for kultur og idrettslivet og at vi seinare sikrar eit robust kulturliv i fylket der heile verdikjeda er intakt.